



Sokna i Nordhordland prosti

Sokna i Vaksdal og Voss

Dato: 05.11.2014

Vår ref: 14/5898 - GTM (14/31432)

Dykkar ref:

Omfordeling av presteressursane i Nordhordland prosti

Vi viser til brevet vårt datert 29.09.14 til alle sokna i Nordhordland prosti om fordelinga av presteressursane i prostiet og til møtet vi inviterte til 15.10.14 om denne saka.

Vedtaket i bispedømerådet frå april 2010 vedkomande omfordeling av presteressursar i bispedømet seier også noko om dei prostia som totalt sett har dei ressursar dei skal ha.

BBDR-036/10, pkt 5:

«Bispedømerådet vil be prostar som ikkje er omfatta av auke eller reduksjon om å vurdere gjeldande fordeling av presteressursane i prostiet, og der det er naudsynt fremje sak om omfordeling til bispedømerådet.»

Punkt 7c:

«Prosti som ikkje vil få endra dei samla presteressursane i prostiet, skal vurdere om det er trong for å endra fordelinga av prestetenesta innan prostiet.»

Heile vedtaket ligg ved i kopi.

Vurderingar som er gjort m.a. med grunnlag i talmateriale, jfr vedlegg, tilseier at presteressursane til Solund, Gulen og Masfjorden bør reduserast frå 300 % til 200 % og 100 % overførast til Meland sokn. Før bispedømerådet kan gjera vedtak i saka, skal den sendast på høyring til involverte partar, slik at desse sine uttalar kan takast med i vurderingane før vedtak i saka.

Vi ber difor om at sokneråda uttalar seg om framlegget til å dra inn 100 % av dei 300 % presteressurs som sokna i Masfjorden, Gulen og Solund har og overføra den til Meland sokn.

Dette kan gjennomførast på fleire måtar. Nokre alternativ er skisserte i det følgjande.

- a) Den eine av dei tre stillingane som er der no, vert trekt inn og overført til Meland. Dette kan gjerast ved vakanse i stilling, det skjer sommaren 2015.
- b) Tre prestar skal arbeida i sokna i desse kommunane, til saman i 200 % stilling. Dei må då også gjera teneste i andre sokn i prostiet. Det er prosten sitt ansvar å fordela ressursane på best mogeleg måte.
- c) Dersom Mo sokn (Modalen) går til Hardanger og Voss prosti, eit samarbeid med Vaksdal eksisterer allereie på ein del område, kan omfordelinga i Nordhordland

verta enklare ved at soknepresten i Ostereidet og Vike sokn også vert ansvarleg for Sandnes sokn. Då kan presten i Solund også ha ansvaret for Brekke sokn og presten i Gulen ha sokna Frøyset og Solheim i Masfjorden i tillegg til Gulen og Mjømna sokn.

- d) Dei tre kommunane beheld tre prestar i kvar sin 100 % stilling, men berre 200 % av kostnadane med dette vert betalt av Bjørgvin bispedøme. Resten, til saman 100 % stilling + andre kostnader, må sokna i kommunane henta frå andre stader. Det kan t.d. vera trusopplæringsmidlar, innsamla midlar eller auka overføringar frå kommunane.


Dersom sokneråda har andre forslag til å endra skeivfordelinga av presteressursane innan prostiet, ber vi om at desse vert presenterte og grunngjevne.

Sidan Vaksdal er nemnt spesifikt i eit av alternativa, går dette brevet også til prosten i Hardanger og Voss prosti, samt sokna i Vaksdal og Voss fellesrådsområde. Vi ber om at dei uttalar seg om alternativet med at Mo sokn evt skal dela prest med sokna i Vaksdal.


Svarfristen vert sett til **2. februar 2015**. Saka kan då handsamast i bispedømerådet sitt møte 2. mars 2015.

Brevet vert også sendt til fagforeiningane etter som omgjering av stilling skal drøftast i tråd med Hovudavtalen § 13.2 a.

Med helsing



Jan Ove Fjelltveit e.f.
stiftsdirektør



Gunvor Taule Mjanger
avdelingsleiar


Vedlegg

Kopi til:

Prosten i Nordhordland
Presteforeininga v/ Njål A. Engmark
TeoLOGene v/ Rune Kysnes
Prosten i Hardanger og Voss prosti

Nordhordland	pr kommune	Medlemmer	dåp	vigsel	gravferd	gudstjen	konf
<i>Alversund</i>		5 076	57	14	30	90	61
<i>Lygra</i>		334	6	1	2	16	5
<i>Seim</i>		920	18	2	10	21	13
Austrheim	2 326	2 303	21	6	32	43	38
Fedje	455	531	9	2	16	28	6
Frøyset	1 577	682	13	2	4	21	9
<i>Hundvin</i>		415	7	1	2	17	5
Lindås	12 408	2 327	24	6	14	31	28
<i>Myking</i>		822	12	4	10	25	15
Radøy	4 077	4 205	50	11	46	77	58
<i>Sandnes</i>		466	8	3	2	23	9
<i>Solheim</i>		444	3	1	3	20	7
Meland	5 853	6 001	88	15	43	86	92
Mo	339	343	6	2	6	21	4
<i>Ostereidet</i>		2 488	28	4	20	55	21
<i>Vike</i>		128	3	2	2	12	2
<i>Brekke</i>		521	8	3	6	22	9
Gulen	2 104	1 139	9	4	8	24	17
<i>Mjømna</i>		437	3	5	7	19	6
Solund	753	737	7	0	11	66	12
Men.prest							
Prostiprest							
SUM	29 892	30 319	380	88	274	717	417

<i>Bergsdalen</i>		70	1	2	1	8	2
<i>Dale</i>		1 832	13	2	17	30	22
<i>Eksingedalen</i>		78	0	0	0	8	2
<i>Nesheim</i>		69	1	0	0	8	0
<i>Stamnes</i>		533	3	0	11	24	10
Vaksdal	3 740	1 111	6	4	13	28	10
Sum			24	8	42	106	46



DEN NORSKE KYRKJA

Møteprotokoll

Bjergvin bispedømeråd : Bispekontoret, den 20.04.2010

Tilstades i møtet:

Medlemmer:

Magne Skjeldal, Roar Strømme, Henny Koppen, Egil Morland, Ingmar Ljones, Bodil Birkenes, Monica Ugulsvik, Tone Synnøve Ø. Steinkopf og biskop Halvor Nordhaug.

Andre:


Stiftsdirektør Helge Taranrød (alle saker.)
Seksjonsleiar Tore Skjæveland (sakene 029/10 og 035/10)
Seksjonsleiar Gunvor Taule Mjanger (sakene 030, 031, 036 og 037/10)
Tenestemannsrepr. Bispedømekontoret Astrid Fylling (sak 029/10)
Tenestemannsrepr. presteskapet Kjersti Brakestad Boge (sak 030/10)
TeoLOgene Rune Kysnes (sak 030/10)
Presteforeininga Sven Harald Nilsen (sak 036/10)
Personalrådgjevar Christer Olsen (031 og 036/10)
Undervisningsrådgjevar Kristin Lødøen Hope (032 – 034/10)
Kulturrådgjevar Inger M. Stoveland (sak 035/10)


Bispedømerådet og bispedømekontoret hadde felles lunsj, og presenterte seg for kvarandre.

Saker som er handsama:

027 – 037/10

Underskrifter:



Magne Skjeldal (leiar)


Halvor Nordhaug



Bodil Birkenes


Cathrine Halstensen,


Henny Koppen


Ingmar Ljones


Egil Morland


Roar Strømme


Monica Ugulsvik


Tone Synnøve Øygard Steinkopf

BBDR-036/10 20.04.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

1. Bjørgvin bispedømeråd har i møte 20.april 2010 handsama sak om omfordeling av presteressursane i Bjørgvin bispedøme. Vedtaket byggjer på tilråding frå oppnemnd arbeidsgruppa, innkomne høyringssvar i saka og drøfting med tillitsvalde for prestane.
2. Bispedømerådet gjer vedtak om å auke presteressursane med eitt årsverk i dei følgjande prostia i prioritert rekkefølge:
 1. Vesthordland
 2. Fana
 3. Arna og Åsane
 4. Vesthordland
3. Bispedømerådet gjer vedtak om å redusere presteressursane i følgjande prosti med 1 årsverk kvar: Nordfjord, Ytre Sogn, Indre Sogn, Hardanger og Voss og Domprostiet (2 årsverk). I tillegg vert ei av seniorpreststillingane ikkje ført vidare. Dette utgjer ein reduksjon i prestenesta på 7 årsverk.
4. Bispedømerådet ber administrasjonen fremje sak om endring av prostigrensene med føremål å redusere talet på prostestillingar. Aktuelle område for vurdering er Ytre Sogn, Midhordland og Bergen.
5. Bispedømerådet vil be prostar som ikkje er omfatta av auke eller reduksjon om å vurdere gjeldande fordeling av presteressursane i prostiet, og der det er naudsynt fremje sak om omfordeling til bispedømerådet.
6. Bispedømerådet vurderer at det er nødvendig å endre soknegrensene i fleire område i bispedømet. Føremålet er å oppnå ei berekraftig lokal kyrkjeleg eining som evnar å vekkje og nære det kristelege livet i soknet. Bispedømerådet vil oppmode sokneråd og felleråd til å drøfte dette spørsmålet i forkant av soknerådsvalet i 2011, og fremje sak om endring av soknegrensene der dette viser seg tenleg.
7. Bispedømerådet legg følgjande retningslinjer til grunn for det vidare arbeidet med omfordeling av presteressursane:
 - a) Endringar i fordelinga av presteressursane vil først og fremst skje ved vakanse i aktuelle stillingar. Ingen prestar i faste stillingar vil misse sitt arbeidstilhøve til Bjørgvin bispedømeråd.
 - b) Bispedømerådet skal gjere vedtak om kva prosti som må redusere prestenesta. Endringar skal skje etter ei ny samla fordeling av prestenesta i prostiet, og ved vakanse i faste stillingar.

- c) Prosti som ikkje vi få endra dei samla presteressursane i prostiet, skal vurdere om det er trong for å endra fordelinga av prestetenesta innan prostiet.
- d) Bispedømerådet skal vedta ei prioriteringsliste for auke av stillingar.
- e) Endringar som følgje av denne saka skal skje i tråd med Kyrkjelova og Hovudavtalen §12 pkt. 1.b.
- f) Bispedømerådet har avgjerdsmynde i alle saker som vedkjem omfordeling av presteressursar. Som følgje av dette skal aktuelle saker drøftast med dei tillitsvalde på bispedømenivå.
- g) Kyrkjedepartementet har avgjerdsmynde når det gjeld å endre prostigrenser. Bispedømerådet har mynde til å sende framlegg. Aktuelle saker skal følgje fastsette retningsliner.

037/10: Referat- og orienteringssaker

BBDR-037/10 20.04.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Dei framlagde sakene vert tekne til orientering.